



Arbeidet med hogst og vegetasjonspleie på Stemneplassen er snart fullført for denne gongen.

**På årsmøte i Uskedal Friluftslag i kveld vert det lagt fram ei årsmelding som syner auka aktivitet. Ryddinga med hogst og vegetasjonspleie er snart fullført. Møterommet er brukt meir enn på mange år. Det er usikkert om arbeidet så langt med å tetta betongplata har vore vellukka.**



Skiltet syner vegen mot toppen på Skårhaug og til gapahuken.

Arbeidet med hogst og rydding av plassen er godt synleg. Utsiktryddinga held fram opp mot toppen på Skårhaug. Det er lite pengar i kassen, Dette gjer at Friluftslaget må tilpassa drifta til kva ein har av disponerte midlar. Ungdomslaget har ved fleire høve støtta laget ved å gje overskotet frå bingo til Stemneplassen. Friluftskonserten i juni er også eit godt tiltak.

Møterommet er godt eigna til mindre samlingar. Leiga er kr. 300,- Årleg leige for møterommet er kr. 1.000,- Med denne løysinga kan eit medlemslag fritt bruka plassen heile året. Styret minner om årsmøte i kveld der kvart av dei ti medlemslaga kan møta med to utsendingar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal